
Saksnr: 2021/6002-10
Saksbehandlar Silje Balgaard Lyngstad
Dato: 05.05.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Presisering knytt til fritakssøknad frå Karianne Torvanger

Fylkesrådmannen er gjort merksam på at det er naudsynt å komme med presiseringar knytt til Karianne Torvanger sin fritakssøknad.

Det er lagt til grunn i saksframlegget til fylkesutvalet at Torvanger sin søknad om fritak gjeld frå søknadsdato og 14 dagar fram. Fritaksperioden vil med dette vere ferdig 05. mai 2021. Det vart søkt om 14 dagar fordi det var venta at forundersøkinga kring Torvanger sin habilitet ville ta *om lag* så lang tid. Utgangspunktet, og bakgrunnen, for søknaden frå Torvanger var likevel meint å gjelde *heile den tiden* forundersøkinga var i gang. Dette er stadfesta av Torvanger sjølv.

Forundersøkinga famnar breiare enn sjølve utarbeidinga av rapporten frå advokatfirmaet Thommessen som no er komme. Forundersøkinga er ferdig når det ligg føre ei oppsummering frå politisk side.

Fylkesrådmannen vil med dette rå fylkesutvalet til å gjere naudsynte presiseringar i tråd med intensjonane i søknaden før vedtak vert fatta.